
Fra: Jens M. Bernssen <jensmbernssen@gmail.com>
Sendt: mandag 19. august 2019 20:09
Til: Postmottak Lindås
Emne: Re: Hyttefelt på Tofting, naturmangfald

Hei

Eg sendte denne e-posten i mars, men har enno ikkje fått svar på den.
Når kan eg venta å få svar?

Mvh

Jens M Bernssen

ons. 20. mar. 2019 kl. 07:56 skrev Jens M. Bernssen <jensmbernssen@gmail.com>:

Hei

Eg lurer på om de har hatt ei naturmangfaldsundersøking på hyttefeltet som er bygd/under utbygging på Tofting, Lurevegen 1096- 1134?

Grunnen til at eg spør, er at eg er med på diverse prosjekt i ein annan kommune, og der må me alltid visa til at narurmangfaldet er teke omsyn til.

Då dei byrja på dette hyttefeltet, var eg temmeleg sikker på at det var hubro (som er raudlista) som heldt til der, men eg har ikkje sett den att sidan, så eg kan ha teke feil. Det vaks og mykje sjegglav på trea der, og det likna på ein type eg haure om i radioen som var sterkt trua, men eg kan ikkje sei sikkert at det var denne arten. Sidan eg var usikker, og ikkje ville skapa eit dårleg naboforhold, sa eg ikkje noko då.

Men no ser eg at siste hytta som er under oppføring, har greve seg ned ein dal på innsida og kryssa ein bekk der, sjå vedlegg. Og det eg veit med sikkerhet, er at der var det perlemuslingar for ein del år sidan. Eg vaks opp ikkje langt frå Håånå, der det er perlemuslingar, så eg var litt nysgjerrig då eg såg muslingane i bekkeutløpet for 25 år sidan, og då fann me perler i dei. Sidan elvemuslingen er freda, har me ikkje sett etter om den er der sidan. Dersom dette er elvemusling, er eg er redd for at siste utgraving av bekken kan ha øydelagt leveområdet for den.

Naturmangfaldsloven: *Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*

§ 5.(forvaltningsmål for arter) *Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av*

§ 6.(generell aktsomhetsplikt) *Enhver skal opprette aktsomt og gjøre det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfoldet i strid med målene i §§ 4 og 5. Utføres en aktivitet i henhold til en tillatelse av offentlig myndighet, anses aktsomhetsplikten oppfylt dersom forutsetningene for tillatelsen fremdeles er til stede.*

Ut frå denne loven, skal ein vel undersøka området før utbygging og ta omsyn til skjeldne og trua artar?

Dersom de har undersøkt og funne alt ok, kan det vera fint å vita det og.

Mvh

Jens M Bernssen